




* Her startar Hovderittet. Rittleiar Kjell A. Myklebust til høgre i bileter.



* Vendel Nerø (8) symest det var kjelt å sykle under Hovderittet søndag.

Hovderittet for fyrste gong

45 nøgde deltakarar og flotte løypeforhold gjorde det nye terrengsykkelløpet til Ørsta Sykkelklubb rundt Hovdevatnet til ein suksess.

Ørsta Sykkelklubb arrangerte i samarbeid med Dei Nynorske Festspela søndag eit baneritt rundt Hovdevatnet og med start og slutt ved Hovden Møbel. I konkurranseklassa tok 39 syklistar del i ei tøff rundløype på tre gongar 6,7 km, i alt 20 km. I trimklassa starta seks syklistar, der fem var ivrige born i alderen 8-10 år. Desse sykla løypa ein runde.

Kjelt samarbeid

I målområdet møter vi ein nøgd rittleiar Kjell A. Myklebust. – Målsætninga vår var tretti deltakarar i turrittklassa, og med 39 deltakarar her i dag er dette ein suksess enkelt og greit, strålar han, og understrekar at dei vil satsa på å få fleire til å stille i trimklassa til neste år. Myklebust fortel at samarbeidet med Festspela har gjeve meirsmak.

– Dei tilbyr rittmiddag til deltakarane til ein rimelig pris, og gratis tilgjenge på museet, rosar han, og seier at det at dei kan samarbeide om promoteringa av rittet er viktig.

– Dette er veldig kjelt, og vi ønskjer å vidareføre samarbeidet og kanskje utvide satsinga med eit føredrag om sykkelporten, seier Myklebust.

Nye løyper
 Ørsta Sykkelklubb satsar på at det nye Hovderittet kan verte ein tradisjon.

– Dette har vi absolutt lyst til å vidareføre, seier Myklebust, og fortel at her også vart arrangert Hovderitt her kring år 2000.

– Då var det ei anna løype lengjer inne i skogane her. Vi fekk lov til å vidareføre namnet sidan det fungerer så bra i Hovdebygda, seier han. Rittleiararen fortel at Ørsta Sykkelklubb berre har arrangert landevegsritt til no, og at dei i lengre tid har hatt mål om å få til eit terrengsykkelløp. – Under årsmøtet tidlegare i år sette vi ned ein rittkomité på ni personar, og desse har lagt ned ein stor innsats for å få dette til. Vi har hatt litt utfordringar med løypa, sidan den var veldig blaut ei stund på grunn av alt regnet som har kome i det siste. Men no tyder alle meldingar på at det er veldig bra forhold her ute i skogane, og tørt og fint, smiler Myklebust, og gir stor honnør til positive grunneigarar. Sykkelklubben har lagt arbeid i drenering av løypet og gruslegging i forkant av rittet.

– Vi er ein aktiv klubb med tre treningar i veka, fortel Myklebust, og uttjupar at dei trenar terrengsykling tysdagane, landevegsykling torsdagane og rolegare langkøyring på søndagane.

Ganske tøft

Vinnaren av Hovderittet vart Espen Ugård Sæter frå Sykkylven Sykkelklubb.



* Espen Ugård Sæther kryssar mållinja etter den 20 km lange løypa med tida 44:44.

– Det gjekk ganske bra, men det vart ganske tøft fordi eg ikkje syklat så mykje terreng til vanleg.

– Det gjekk ganske bra, men det vart ganske tøft fordi eg ikkje syklat så mykje terreng til vanleg. seier han, og fortel at han har sykla i fire sesongar, men lagt ned ganske mykje trening det siste året. Sæter fosar det nye arrangementet.

– Løypa var fin og området her eignar seg svært godt, meiner han. Vendel Nerø (8) var med i trimklassa under rittet.

– Det kjekkaste var å kome i mål, smiler ho, og fortel at ho har sykla sidan ho var fire år gammal.

✉ KASPAR F. SELVIK



* Den einaste kvinna i turklassa var Miriam Natalie Lande Kvalsvik.



* Frå spurtoppgeriet om andreplassen. Frå venstre: André Fiskerstrand, Emil Jørgensen Ranstad og David Dagestad Myklebust. Alle tre kom i mål med tida 44:55.